



DEN NORSKE KYRKJA **Time kyrkjelege fellestråd**

Time kyrkjelege fellestråd utgjer Bryne, Time og Undheim sokn. Det bur om lag 18.600 innbyggjarar i Time kommune med Bryne som administrasjonssenter. Felles kyrkjekontor ligg på Bryne, som er skule- og handelssenter på Jæren. Staben ved Time kyrkjekontor utgjer om lag 20 tilsette.

Prosjektlear for «Ung i Time» 100% stilling

Ønskjer du ei utfordrande og nytenkjande stilling i Den norske kyrkja? Likar du å tenkja nytt? Likar du å arbeida med nye prosjekt? Ønskjer du å driva ungdomsarbeid på Jæren? Kanskje er du den vi leitar etter og vil ha med på laget.

Bryne, Undheim og Time kyrkjelydar har gått saman om prosjektet «Ung i Time» og søker prosjektlear/ungdomsprest i 100 % stilling. Dette er eit unikt høve for deg som ønskjer å arbeida med kyrkjelydsutvikling blant ungdom i Den norske kyrkja.

Prosjektet «Ung i Time» har som mål å etablera og utvikla eit kyrkjeleg tilbod for ungdom i kyrkjene i Time, Undheim og Bryne. Vi er på leit etter deg som ønskjer å driva relasjonsbygging med målgruppa, frivillige og tilsette medarbeidarar i kyrkjelydane. Vi er på leit etter ein leiar med god gründerånd. Ein som kan samordna og styrkja arbeidet vi nå driv, og samstundes tenkja nytt om korleis driva ungdomsarbeid i Den norske kyrkja i og på tvers av kyrkjelydane.

Prosjektlear vil bli tilsett mellombels for tre år, med høve til forlenging. Prosjektlear vil vera ein del av Brynestab, og dagleg leiar i Bryne har personalansvaret. Ei styringsgruppe med ein representant frå kvar kyrkjelyd leiar prosjektet.

Arbeidsoppgåver

- prosjektlear for «Ung i Time»
- byggja eit kyrkjeleg tilbod med og for ungdom
- leiartrening og medvandring
- starta felles ungdomsgudstenester
- forkynning og undervisning
- delta i konfirmantarbeidet
- rekruttering og oppfølging av frivillige
- oppfølging av eittåringar i kyrkjelydane
- andre oppgåver i kyrkjelydane etter avtale og ønskje

Utdanningsnivå

- Kyrkjeleg utdanning, gjerne som prest eller kateket
- Det er ønskeleg at søkjar har utdanning i samsvar med tenesteordning for prest eller kateket, anna relevant utdanning/erfaring blir vurdert

Personlege eigenskapar

- glad i ungdom – glad i Jesus
- engasjert og initiativrik
- fleksibel og løysningsorientert
- inspirator som kan følgja opp unge og vaksne medarbeidarar i kyrkjelydane
- strukturert med evne til å planlegga langsiktig
- kunna arbeida sjølvstendig og i team
- det vil bli lagt vekt på personlege eigenskapar.

Vi tilbyr

- lønn etter avtale
- triveleg stabsfellesskap på Time kyrkjekontor
- medlemskap i KLP

Den som blir tilsett, må vera medlem av Den norske kyrkja. Opplysningar om samlivsform vil kunna bli innhenta og vektlagt ved tilsetjing, jamfør Arbeidsmiljølova § 13.3. Studentar under utdanning har høve til å søkja. Tidspunkt for oppstart etter avtale.

Spørsmål om stillinga kan rettast til kyrkjevevjerje Gunnar Bjorland Stone 962 32 582 eller dagleg leiar/kyrkjelydsutviklar i Brynekyrkja Bjørn Inge Hauge tlf. 481 27 481.

Søknadsfrist: 15.oktober 2018

Søknad sendes via www.kirkejobb.no

(https://www.webcruiter.no/WcMain/AdvertViewPublic.aspx?oppdragsnr=3936355631&culture_id=NB-NO&company_id=23081200&link_source_id=0)